

Etne kommune
SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Formannskap	17.09.2013	059/13	ERK
Kommunestyre	01.10.2013	053/13	ERK

Sakshandsamar: Erik Kvalheim	Arkiv: N-653	Arkivsaknr: 2013000943
--	---------------------	----------------------------------

**MILJATEIG-SKÅLNES KRAFTVERK - SØKNAD OM KONSESJON.
HØYRING.**

Vedlegg i saka:

Ingen

Utrykte saksdokument:

Følgjeskriv frå NVE datert 7.6.13 med vedlegg (orientering til høyringspartane).

Søknad om konsesjon Miljeteig / Skålnes Kraftverk. Følgjeskriv frå søkjar til NVE datert 24.5.13

Saksgang:

Formannskap
Kommunestyre

Utskrift til:


nve@nve.no

SAKSUTGREIING:

1. **Kva saka gjeld:** Fråsegn frå Etne kommune til planar for Miljateig Skålnes kraftverk.
2. **Bakgrunn for saka:** NVE sendte søknaden på høyring 7.6.13. Vi har frist til 5.10.13.
3. **Problemstilling:**

Vi klipper inn NVE sin omtale av søknaden i høyringsbrevet, og kart frå søknaden s. 14:

Miljateig Skålnes Kraftverk AS vil utnytte fallet i Miljateigselva og Skålneselva. Kraftverket vil bli bygd med to hovudinntak, to røyr-gater og to turbinar. Det er planlagt eit inntak på kote 395 i Miljateigselva, der vassvegen vert grave ned heile vegen fram til kraftstasjonsplassering ved sjøen på kote 2,5. Det andre inntaket er planlagt på kote 440 i ei sidegrein til Miljateigselva. Skålneselva vert overført til Fjellbekken kring kote 680, og Fjellbekken vert ført over til inntaket på kote 440. Frå inntaket på kote 440 går vatnet i fullprofilbora tunnel til kote 195. Det vert felles nedgrave røyr-gatetrase for dei to vassvegane frå kote 195 og fram til kraftstasjonen ved sjøen. Nedbørfeltet til inntaket på kote 395 i Miljateigselva vert 1,91 km² med ei middelvassføring på 229 l/s. Totalt nedbørfelt for inntaket på kote 440 vert 4,7 km² og middelvassføring 610 l/s. Kraftverket er planlagt med to turbinar med installert effekt på 1250 kW for inntak kote 395, og 3800 kW for inntak kote 440. Maksimal slukeevne vert høvesvis 400 l/s og 1060 l/s. Årleg middelproduksjon er berekna til ca. 4,5 GWh og 14,5 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring ved hovudinntaka og overføringsinntaka. Det vil bli bygd veg fram til inntaket på kote 395 og mellombels veg fram til kote 440. Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Miljateig Skålnes kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.



Over: Plan for hovudalternativet. Kraftstasjonen er planlagt bygd rett vest for der vegen går opp til Markhusgardane. E 134 er merka med gult, vi ser vegen kjem ut av Markhustunnelen på austsida (kartet er unøyaktig her, for Skålneselva kjem ned rett utanfor tunnelmunninga).

Kambo Kraft har utgreidd søknaden på vegne av Miljateig Skålnes Kraftverk AS (SUS), som er eit privat aksjeselskap eigd av grunneigarar/fallrettshavarar Egil Næsheim, Harald Miljeteig og Ingrid Skålnes. Det er opplyst at Småkraft AS har avtale om fallrettane med Harald Miljeteig for 81 % av Skålneselva.

Konsesjonssøknaden ligg som vedlegg 2 på linken:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=5959&type=11>

Der ligg eit samandrag på s. 3, det meste er sagt i NVE sin omtale over. Vi klipper inn litt utfyllande informasjon:

Kraftverket vert (...) bygd etter takrenneprinsippet, som gjer ein maksimal nytting av vassressursane med minimalt inngrep. Nøkkelen ligg i mogligheiten til å fullprofilbora ein tunnel nedanfrå, samt å nytta seg av ein moderne taubane for å bygga den austre aksa med inntak og overføringar. Samanlikna med ei tradisjonell utbygging med inntak der elvane møtest ved kote 220, og overføring av Skålneselva dertil, vert produksjonen av energi dobbelt så stor, med 19,5 GWh i staden for 9,4 GWh, pga. større fallhøgde. Ein meiner difor at dette prosjektet som er utforma med den beste teknologien kombinert med høg verknadsgrad, gjer svært mykje energi i forhold til inngrep. Alternativt kunne ein bygd ut 4 separate kraftverk med kvar sitt inntak, røyrgate og kraftstasjon, noko som i sum hadde gitt eit mykje større naturinngrep. Her samlar ein driftsvassføringssystemet langs ein landbruksveg i dalsida, og får inn totalt 4 delnedbørstfelt i vifteform til felles kraftstasjon.

Om konsekvensutgreininga: Det vart sommaren 2008 laga konsekvensrapport ang. biologisk mangfald. Rapporten er utarbeida av AMBIO AS. Rapporten konkluderer med at elvane renner gjennom skogsområder som er vanlige og typiske for regionen. Det vart ikkje gjort funn av sjeldne eller trua naturtyper eller arter av flora, fugl eller vilt, med unntak av funn av kvitryggspett. Tiltaket vil derimot redusere INON (urørt natur) i området, også villmarksprega områder med 33 %. Denne reduksjonen er ikkje medrekna tap av INON frå Visjer Kraftverk, som har fått konsesjonsfritak, slik at om dette anlegget vert bygd, vil reduksjonen av INON frå Miljateig/Skålnes verta langt mindre enn berekna.

Sommaren 2012 vart det laga ein utviding til rapporten, og det vart funne ein raudlista moseart nedst i Skålneselva, Kysttemose (VU = vulnerable/sårbar), samt 2 bekkekløfter.

S. 5-49 er søknaden skildra og utgreidd, inkl. kart og foto frå planområdet. Meir om kart, hydrologiske data mm s. 50-79, KU s. 79-105, fleire foto s. 106-108. Vi syner til dette, og omtalar berre det mest naudsynte her i saka; der er svært mykje detaljar og teknisk informasjon, som ikkje påverkar konklusjonane i særleg grad.

Kraftstasjonen, med storleik på ca. 120 m², kjem altså i strandsona, men ein vil ta omsyn i høve til byggeskikk. Dei første om lag 300 m av røyrkata vil bli synlege frå sjøen, men mykje vil gro att på sikt. Stigninga i terrenget opp mot gardsvegen er nær 30 grader, så noko sprenging må påreknast her. Massar frå tunnelboringa er tenkt nytta som forsterking av vegen opp til påhogget, ev. òg som omfyllingsmassar rundt røyr. Riggplassar og noko av anleggsvegane vil vere midlertidige. Hovudvassinntaka vil bli om lag 20 m breie, men ligg på aude stader og vil verte lite synlege. Inntaket i Skålneselva ligg så høgt at det her vil bli ein del restvassføring nedstraums, noko som vil avgrense ulempene for landskapsverdiane og kysttemosen, som veks nedst i vassdraget. Fråføringa av vatn frå elvane vil ha avgrensa negative konsekvensar for landskapsverdiane i fjorden. Vassdraga er relativt lite eksponerte, med mykje djupe elvejuv og skog i store delar. Verdien for turisme er avgrensa. Same gjeld for friluftsliv, sjølv om der er noko ferdsle opp og ned frå Markhusgardane til dei T-merkte løypene i fjellet. Ulempene vil nok då vere størst i anleggsfasen, på sikt lågare.

Totalkostnad for utbygginga er om lag 50 mill. kr, som vil utgjere 350.000 kr. (7 promille) i eigedomsskatt til kommunen årleg, pluss noko auka skatteinngang frå eigarane. Særskilt i byggefasen vil der vere store positive ringverknader for lokalt næringsliv. Der er behov for 15-20 anleggsarbeidarar i ei anleggstid på kring 18 månader. Vassressursane er den største næringsressursen på gardsbruka i dag, så ei utbygging vil kunne sikre næringsinntekt og busetnad. Meir om føremoner ved planane s. 33-34 og 45-46. Utbyggingsprisen er på 2,56 kr/kWh, dvs. relativt god økonomi for eit elvekraftverk. Ein føreset då bygging før 2020, som er fristen styresmaktene har sett for å få grønne sertifikat, som vil styrke økonomien monaleg.

Det trengs 590 m ny luftline austover frå kraftstasjon langs gamlevegen for å kople seg på SØK sitt eksisterande 22 kV nett. Overordna nett har ikkje ledig kapasitet, så ein er avhengig av at dette vert utvikla, jf. SKL sin søknad om 66 kV line i fjorden, som ligg inne hos NVE.

4. Vurdering:

Søknaden synast å vere grundig og gjennomarbeid. Ein har gjennom takrenneprinsippet søkt å finne fram til den løysinga som nyttar vassressursane best med minst mogleg inngrep. Den alternative utbyggingsløysinga med overføring av Skålneselva ved kote 220 (s. 36, 47-48) gir berre 9,4 GWh i produksjon, vert dyrare enn hovudalternativet og er ikkje tilrådeleg. Overføringa ligg i hovudalternativet oppe ved kote 680, slik at bortfallet av urørt natur vert større enn i alternativ løysing. Men restvassføringa vert også større, noko som altså reduserer ulempene nedstraums. Dette gjelder også for kulturminneverdiane ved Skålnes bru, som ligg på utsida av Markhustunnelen mot aust.. Sidan brua ikkje er nemnt i søknaden, tek vi med eit foto her. Brua er del av den gamle Åkrafjordvegen bygd i 1941-1942. Ho er laga av granitt frå Bjørkestrond og vert rekna som den siste steinkvelvingsbrua bygd i Hordaland. I dag er området på oppsida av brua prega av gjengroing, så brua er relativt lite synleg frå E 134.



Skålnes bru (foto Erik Kvalheim).

Som nemnt synast dei negative konsekvensar av planane for Miljateig/Skålnes kraftverk å vere relativt avgrensa. Restvassføring, flaumvatn og pålagt minstevassføring vil også bidra til å redusere ulempene, og delar av røyrgata vil gro igjen på sikt. Verdiskapinga knytt til utbygginga er stor både på kort og lengre sikt, så overvekta av nytte i høve til ulempene er stor. Tiltaket er i tråd med Energi- og klimaplan for Etne kommune 2011-2016, som seier at

vi skal leggje til rette for lokal klimavennleg energiproduksjon i kommunen. Vi reknar at om lag 60 % av Etne kommune sitt areal er freda som nasjonalpark eller verna vassdrag. Då må delar av dei resterande ressursane etter rådmannen sitt syn kunne nyttast, når ulempene er avgrensa. Styrka gardsbruk gir også rom for framhald av beitebruk. Dette er positivt for å hindre gjengroing av landskapet, som er blitt ei stor utfordring også i Åkrafjorden, og såleis negativt for reiselivet.

Prosjekta i Miljateig/Skålnes og Ripelselva på Teigland er dei to siste søknadene frå fjorden, som vi har venta på skulle kome på høyring. I samband med slutthandsaming må NVE sjå heilskapleg på kraftsøknadene i området. Dette også grunna mangelen på overordna nett. Frå tidlegare har Viskjer og Skidalsvatnet på Eikemo fått konsesjonsfritak. Kvanndalselva, Djuvselva, Markhuselva, Tøsse, Eikemo (nedstraums stølen), Håfoss og Rullestad/Skromme har vore på høyring og ventar på slutthandsaming. I alt utgjer dei nemnte prosjekta ei kraftmengd på kring 260 GWh. Allereie utbygde vassdrag i fjorden er Rafdal/Tretteteig, Saltåna og Stølselva på Bergstø, pluss to elver på Åkra i Kvinnherad. Verna vassdrag er Vaulavassdraget med Langfoss, Saltåna, pluss Mosneselva i Folgefonna nasjonalpark og Etnevassdraget, som grensar mot Vaulavassdraget i aust.

Vegen vidare etter høyringa for Miljateig/Skålnes og Ripelselva er synfaring i haust. Normalt deltek det her representantar frå søkjar/konsulent, NVE, fylkesmannen og Etne kommune. Dersom fylkesmannen kjem med motsegn i sin høyringsuttale, noko dei gjorde for søknaden i Markhuselva (i hovudsak grunna bortfall av urørt natur), seier sakshandsamingsreglane at NVE og fylkesmannen skal ha møte og diskutere motsegna, ev. prøve å finne ei løysing. Deretter må fylkesmannen bestemme seg for om dei vil trekke eller oppretthalde motsegna (for Markhuselva skjedde det siste). NVE føretek så si slutthandsaming; dersom dei likevel tilrår utbygging vil dei grunngi dei kvifor dei er usamd i motsegna til fylkesmannen, som så følgjer så saka vidare til OED.

Sidan bortfall av INON er tema for både Miljateig/Skålnes og Ripelselva, er det nok å forvente at fylkesmannen også kjem med motsegn no. NVE vil i si handsaming truleg sjå Miljateig/Skålnes og Ripelselva i nær samanheng med søknaden for Markhuselva, ev. også skule mot Viskjer og Rafdal, m.a. grunna reglane i naturmangfaldlova § 10 om å vurdere den samla påverknaden av alle planlagde og eksisterande tiltak. Truleg vert den same heilskapen då også tema i eit ev. møte om motsegner frå fylkesmannen.

Etne kommune har i samband med kraftplanane på Rullestad/Skromme kravd at styresmaktene ser heilskapleg på utfordringane knytt til overordna kraftnett i Åkrafjorden, slik at tilrekkeleg mange kraftsøknadar får løyve, for å kunne finansiere felleskostnadene. Såleis er Miljateig/Skålnes eit viktig prosjekt med sine 19,5 GWh i hovudalternativet.

Kraftanlegg er unnateke byggesakshandsaming etter PBL, men det er vanleg å søkje om delingssak for anlegget (som t.d. gjort for Akslandselva), slik at det blir delt i frå hovudbruket. Det vert då gjort ei handsaming i høve til planstatus, strandsone o.l.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Etne kommune støtter omsøkte planar for bygging av Miljateig Skålnes kraftverk. Tiltaket har avgrensa negative konsekvensar og syner stor overvekt av nytte i høve til ulemper. Kommunen er positiv til å leggje størst del av pålagt minstevassføring til sommarhalvåret.

Hovudalternativet må leggjast til grunn for utbygginga. Reduksjonen i kraftproduksjon på heile 10,1 GWh ved alternativ løysing gjer dette ikkje tilrådeleg samanlikna med hovudalternativet. Sistnemnte gir også større restvassføring i Skåneselva, noko som reduserer ulempene for biologisk mangfald, landskapsverdiar og kulturminne (Skånes bru). Dette meir enn kompenserer for bortfallet av urørt natur samanlikna med alternative løysing. Vedrørande bortfall av urørt natur kan ein heller ikkje sjå på verknadene av Miljateig/Skånes kraftverk åleine, men må ta omsyn til nærliggjande eksisterande og planlagde vasskraftprosjekt.

Lokal verdiskaping og styrking av gardsbruka er sær viktig for lokalsamfunnet i Åkrafjorden og Etne kommune. Auka produksjon av rein og fornybar energi er blant dei viktigaste bidraga kommunen kan gi i høve til overordna klimaspørsmål.

17.09.2013 FORMANNSKAP

F-059/13 TILRÅDING FRÅ ETNE FORMANNSKAP TIL ETNE KOMMUNESTYRE: (samrøystes)

Etne kommune støtter omsøkte planar for bygging av Miljateig Skånes kraftverk. Tiltaket har avgrensa negative konsekvensar og syner stor overvekt av nytte i høve til ulemper. Kommunen er positiv til å leggje størst del av pålagt minstevassføring til sommarhalvåret.

Hovudalternativet må leggjast til grunn for utbygginga. Reduksjonen i kraftproduksjon på heile 10,1 GWh ved alternativ løysing gjer dette ikkje tilrådeleg samanlikna med hovudalternativet. Sistnemnte gir også større restvassføring i Skåneselva, noko som reduserer ulempene for biologisk mangfald, landskapsverdiar og kulturminne (Skånes bru). Dette meir enn kompenserer for bortfallet av urørt natur samanlikna med alternative løysing. Vedrørande bortfall av urørt natur kan ein heller ikkje sjå på verknadene av Miljateig/Skånes kraftverk åleine, men må ta omsyn til nærliggjande eksisterande og planlagde vasskraftprosjekt.

Lokal verdiskaping og styrking av gardsbruka er sær viktig for lokalsamfunnet i Åkrafjorden og Etne kommune. Auka produksjon av rein og fornybar energi er blant dei viktigaste bidraga kommunen kan gi i høve til overordna klimaspørsmål.

01.10.2013 KOMMUNESTYRE

K-053/13 VEDTAK: (samrøystes)

Etne kommune støtter omsøkte planar for bygging av Miljateig Skånes kraftverk. Tiltaket har avgrensa negative konsekvensar og syner stor overvekt av nytte i høve til ulemper. Kommunen er positiv til å leggje størst del av pålagt minstevassføring til sommarhalvåret.

Hovudalternativet må leggjast til grunn for utbygginga. Reduksjonen i kraftproduksjon på heile 10,1 GWh ved alternativ løysing gjer dette ikkje tilrådeleg samanlikna med hovudalternativet. Sistnemnte gir også større restvassføring i Skåneselva, noko som reduserer ulempene for

biologisk mangfald, landskapsverdiar og kulturminne (Skålnes bru). Dette meir enn kompenserer for bortfallet av urørt natur samanlikna med alternative løysing. Vedrørande bortfall av urørt natur kan ein heller ikkje sjå på verknadene av Miljateig/Skålnes kraftverk åleine, men må ta omsyn til nærliggjande eksisterande og planlagde vasskraftprosjekt.

Lokal verdiskaping og styrking av gardsbruka er sær s viktig for lokalsamfunnet i Åkrafjorden og Etne kommune. Auka produksjon av rein og fornybar energi er blant dei viktigaste bidraga kommunen kan gi i høve til overordna klimaspørsmål.

02.10.13
ETNE KOMMUNE
Rett utskrift

Eva Wiik Hurstoft

